

# BACHELOROPPGÅVE

Eg blir så sint når eg er reddí

Aggresjon, psykose og ego- styrkande sjukepleie

Av: Stine Sørli

Kandidatnummer: 3

I become so angry when i am afraidí

Aggression, psychosis and ego- strengthening nursing

Emne: Sk 152 Bacheloroppgåve i sjukepleie

Antall ord:6847

Innleveringsdato:19. April 2013

Rettleiar: Siv Førde

# Innhold

|   |    |
|---|----|
| 1.0 Innleiing .....   | 1  |
| 1.1 Bakgrunn for val av tema .....  | 2  |
| 1.2 Problemstilling.....  | 3  |
| 1.3 Avgrensing av problemstilling .....                                       | 3  |
| 2.0 Metode .....  | 3  |
| 2.1 Søkeprosessen.....  | 4  |
| 2.2 Samandrag av litteratur .....   | 5  |
| 2.3 Kjelde kritikk.....   | 5  |
| 2.4 Begrep .....  | 5  |
| 2.5 Forsking.....   | 6  |
| 3.0 Teori.....  | 7  |
| 3.1 Joyce Travelbee .....   | 7  |
| 3.1.1 Menneske-til-menneske forhold .....                                     | 7  |
| 3.2 Kommunikasjon.....  | 9  |
| 3.2.1 Kommunikasjonsprosessen .....   | 9  |
| 3.2.2 Egenperspektivet.....   | 9  |
| 3.2.3 Andre perspektivet .....  | 10 |
| 3.2.4 Det intersubjektive opplevelsefellesskapet.....                         | 10 |
| 3.2.5 Samhandlings perspektivet .....   | 10 |
| 3.3 Psykosebegrepet .....   | 11 |
| 3.4 Aggresjon .....   | 11 |
| 3.4.1 Instrumentell og emosjonell aggresjon í í í í í í í í í í í í í í í í í | 12 |
| 3.4.2 Møte med vold og aggresjon .....  | 12 |
| 3.5 Egostyrkende sjukepleie.....  | 12 |
| 3.5.1 Kontinuitet og regelmessighet .....                                     | 13 |
| 3.5.2 Nærhet og avstand.....  | 14 |

|   |    |
|---|----|
| 3.5.3 Verbalisering.....                | 14 |
| 3.5.4 Grensesetting .....               | 14 |
| 4.0 Drøfting.....                       | 15 |
| 4.1 Pasientsituasjon .....              | 15 |
| 4.2 Kontinuitet og regelmessighet:..... | 16 |
| 4.3 Nærhet og avstand: .....            | 18 |
| 4.4 Verbalisering: .....                | 20 |
| 4.5 Grensesetting: .....                | 21 |
| 5.0 Styrker og svakheitar .....         | 23 |
| 6.0 Konklusjon .....                    | 23 |
| 7.0 Litteraturliste .....               | 25 |

Vedlegg 1: Søkeprosessen

Vedlegg 2: Yrkesetiske retningslinjer

## **Samandrag:**

Problemstilling: Korleis kan sjukepleiar ved bruk av egostyrkande sjukepleie, førebyggje aggresjon og hindre utagering hjå pasientar med psykose? Eg har i denne oppgåva fordjupa meg i fire prinsipp om egostyrkande sjukepleie. Vidare har eg brukt fireperspektivmodellen og drøfta det i lag med dei fire egostyrkande prinsippa. Eg har tatt utgangspunkt i Joyce Travelbee sin sjukepleie teori. Ut i frå dette vil eg finne ut om egostyrkande sjukepleie kan vere med og førebyggje aggresjon og hindre utagering hjå psykotiske pasientar.

## **Abstract:**

Topic question: How can a nurse with the use of ego strengthening nursing, prevent aggressive behavior from patients with psychosis? I have in this assignment immersed me in four principles about ego strengthening nursing. Furthermore I have used the four perspective models, and discussed it together with the four ego strengthening principles. I have taken starting point in Joyce Travelbee's nursing theory. From this I will find out if ego strengthening nursing can prevent aggressive behavior from psychotic patients.

## **1.0 Innleiing**

Psykose berører ca 3-5 % av befolkninga på eit punkt i livet.

I ein rapport frå Statens arbeidsmiljøinstitutt kjem det fram at i overkant av 20 % av dei spurde sjukepleiarane opplevde vald eller truslar om vald på jobb, ein eller fleire gonger i månaden. Sjukepleiarar og andre yrkesgrupper innanfor helse og sosialsektoren møter truslar og vald på arbeidsplassen. Ein kan møte aggresjonsproblematikk i for eksempel spesialisert psykiatri og rusbehandling, men ein kan også kome borti det i andre heimebaserte tenester.

Psykisk helsearbeid i kommunane er retta mot menneskjer med psykiske vanskar og lidingar. Hensikta med tiltaka i det psykiske helsearbeidet er å bidra til meistring og betring for den enkelte og omgivnadane rundt pasienten. Tiltaka skal vere retta mot konsekvensane av dei psykiske vanskane/lidingane.

Psykisk helsevernlov og psykisk helsevernforskrift regulerar det psykiske helsevernet som er ein del av spesialisthelsetenesta. Formålet med lova er å sikre at etablering og gjennomføring av psykisk helsevern skjer på ein forsvarlig måte og i samsvar med dei grunnleggjande rettssikkerhetsprinsippa. Vidare er formålet å sikre at tiltaka som er beskrevet i lova tar utgangspunkt i pasienten sitt behov og respekt for menneskeverdet (Helsedirektoratet, 2005)

Dei siste 25åra har det skjedd store endringar internasjonalt og nasjonalt med tenestetilbodet til menneskjer med psykiske lidingar. I Norge er institusjonskapasiteten i spesialisthelsetenesta bygd kraftig ned sidan slutten av 1970-tallet. Mens dei lokalbaserte tilboda som distriktpsikiatriske sentra (DPS) og kommunale tenester er under oppbygging. Dette er ei utvikling som er anbefalt frå Verdens Helseorganisasjon(WHO).

Førebyggjande arbeid er ein viktig del av kommunen sin innsats i forhold til befolkninga. I forhold til personer med psykiske lidingar må kommunen vektleggja sekundærførebygging med tidlig intervensjon ved starten av psykisk liding/rusproblem (Helsedirektoratet, 2005)

**§ 3-1.** Kommunens overordnede ansvar for helse- og omsorgstjenester går ut på at kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen skal bli tilbydd nødvendig helse og omsorgstjenester. Formålet med lova er å kunne førebyggje, behandle og tilrettelegge for mestring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevna(Helse- og omsorgsdepartementet, 2011).

## **1.1Bakgrunn for val av tema**

Sommaren 2007 opplevde eg at ei god venninne tok sitt eige liv. Ut i frå dette fekk eg observere kva slags tiltak som vart satt i verk i forhold til å ta vare på familie og venner i ein forferdelig situasjon. Det vart oppretta eit kriseteam som tok hand om familie, venner og elles bekjente i bygda. Å følgje med på korleis kriseteamet jobba i ein slik situasjon, vart veldig givande å observera for meg som vennine og utanforståande. Etter den gong har eg hatt interesse for psykiatri.

Hausten 2012 fekk eg spørsmål på ein heimeeksamen om kva egostyrkande sjukepleie gjekk ut på, og korleis det fungerte i praksis. Då hadde eg ingen erfaringar med dette, og syntes det virka interessant. Like etter hadde eg fordjupningspraksis i psykiatri, og opplevde ein pasient som var i ein psykose som utfordra meg på mange ulike måtar. Han gjekk frå og vere ein rolig mann med vanlig atferd, til plutselig å bli voldeleg. Når eg opplevde denne situasjonen, bestemte eg meg med ein gong om kva eg skulle skrive om i bacheloroppgåva. Å fordjupe meg i korleis psykose kan gjere ein pasient voldeleg og aggressiv er eit viktig tema som blir tatt opp for å kunne førebyggje det i psykiatri tenesta.

## 1.2 Problemstilling

Korleis kan sjukepleiar ved bruk av egostyrkande sjukepleie, førebyggje aggresjon og hindre utagering hjå pasientar med psykose?

### 1.3 Avgrensing av problemstilling

Eg vel å bruke det kommunale dagsenteret som utgangspunkt for arena, då eg har mine erfaringar i psykisk helsearbeid derifrå. Eg vil fokusera på aggresjon og pasientar som lider av psykose i forhold til ego styrkande sjukelpleie. Eg tar føre meg aldersgruppa 30år+. For og avgrensa oppgåva vil eg ikkje gå innpå dei ulike typane psykose, eg vel å skrive generelt om kva ein psykose er og gå kort inn på symptom og behandling. For å kunne besvare på problemstillinga har eg laga ein case som eg skal drøfte ut i frå.

## 2.0 Metode

*Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel til og løysa problem og komma fram til ny kunnskap* (Dalland, 2012). Metoden skal fortelja oss noko om korleis ein bør gå til verks for hente fram kunnskap.

I metoddelen viser eg korleis eg har funne kjeldene mine, og korleis eg skal bruke dei vidare. Eg har valt å skrive ei litterær oppgåve med drøfting som metode. Her vil eg ta nytte av primær og sekundærlitteratur. Eg har valt å belyse oppgåva ut i frå pensum litteratur, sjølvvalt

litteratur og forskning. Ut i frå dette har eg drøfta det i lys av teorien eg har funne, kva forskinga tilseier og bruk av eigenbasert kunnskap.

## 2.1 Søkeprosessen

I søket etter forskningsbasert litteratur søkte eg etter egostyrkande sjukepleie, og hadde håpa på mange resultat. Etter mykje søk med orda «nurse» og «psychosis» var dette vanskelig å finne. Eg har brukt både Norske og Engelske databasar og søkeområde. Eg har søkt i «Tidsskriftet for den Norske Legeforening», Chinahl, Cochrane Library, Helsebiblioteket og PubMed. Egostyrkande sjukepleie/prinsipper og egostøttande sjukepleie utga ingen resultat. Når eg søkte i dei norske databasane brukte eg desse orda: psykoser, egostyrkande sjukepleie, egostyrkande prinsipp, kommunikasjon, førebygge vald og aggresjon. I dei engelske databasane brukte eg desse søkeorda: psychosis, aggressive, prevent agress, prevent violence, communication, nurse, adult

Inklusjonskriteriar:

- Artiklar som inkludera aggresjon, vold og psykosar
- Artiklar som tar for seg førebygging av aggresjon og vold
- Artiklar som tar for seg ego-styrkande sjukepleie

Ekklusjonskriteriar:

- Artiklar som er eldre enn 25år (har søkt frå 1990-2013)
- Bøker som ikkje er relevant for sjukepleiefaget
- Artiklar frå studiar utanfor Europa og Nord-Amerika, som ikkje er overførbare til norske forhold. Dette fordi resultatata/funna kan vere annarledes enn til norske forhold

Som eg har skrive tidlegare, har eg ikkje funne artiklar som omhandlar egostyrkande sjukepleie. Eg har ut i frå forskningsartiklane tatt utgangspunkt i psykose og aggresjon, der eg har funne kvalitative og kvantitative artiklar som eg nyttar i oppgåva.

## 2.2 Samandrag av litteratur

For å få ein systematisk oversikt, har eg valt og leggja søk og søkeorda ein tabell (sjå Vedlegg1). Dei mest brukte fagbøkene eg har brukt er blant anna Hummelvoll(2012) si bok ~~«Helt- ikkje stykkevis og delt»~~ som tar for seg egostyrkande sjukepleie, psykosebegrepet og aggresjon. Bjørkly(2001) si bok ~~«Aggresjonens psykologi»~~ tar for seg ulike typar aggresjon og aggresjonsteoriar. For å beskriva egostyrkande sjukepleie har eg brukt Liv Strand(1990) si bok ~~«Fra kaos mot samling, mestring og helhet»~~ Eg har valt å bruke primærlitteratur av Joyce Travelbee~~« Mellommenneskelige forhold i sykepleie»~~ Røkenes og Hanssen(2009) beskriv fireperspektivsmoddel i ~~«Bære eller breste»~~ boka. Eg har i drøftingsdelen brukt boka ~~«Psykiatriboken»~~ skrive av Finn Skårderud, Svein Haugsgjerd og Erik Stanicke.~~« Vold og psykiatri»~~ skrive av Bernt Krøvel et.al er også med i drøftingsdelen.

## 2.3 Kjelde kritikk

Kjelde kritikk er dei metodane som blir brukt for å finne ut om ein kjelde er sann, der ein vurderer og karakteriserer dei kjeldene som er blitt benytta (Dalland, 2012).

Eg har brukt ein del pensum litteratur frå studiet og anser detta som sikker kjelde, sidan det er litteratur som er laga til studentar og sjukepleiarar. Liv Strands (1990) bok ~~«fra kaos mot samling, mestring og helhet»~~ er ei gammal bok. Etter å ha lest gjennom boka ser eg at beskrivelsen av dei egostyrkande prinsippa er aktuelle også i dag og den er framleis pensum ved sjukepleiestudiet ved min skule, derfor har eg valt å ta nytte av boka.

## 2.4 Begrep

Ein psykose er vanlegvis eit samanbrot i individets rasjonelle og emosjonelle mestring av ein situasjon. Oppførselen til pasienten er ofte uvanlig og virkeligheta er vanskelig å handtere (Kringlen, 2011)

Når det gjeld definisjon av ego-styrkande sjukepleie har eg valt å ta utgangspunkt i Travelbee sin definisjon: *«en mellommenneskelig prosess der den profesjonelle sykepleieren hjelper en person, en familie eller et samfunn med å forebygge eller mestre erfaringer med sykdom og lidelse, og om nødvendig å finne en mening i disse erfaringene»*(Travelbee, 1999,s29).



## 2.5 Forsking

1. Childhood Adversities Increase the Risk of Psychosis: A Meta-analysis of Patient-Control, Prospective- and Cross-sectional Cohort Studies (Varese, et al., 2012).

Bakgrunnen for undersøkelsen er gjort på grunnlag av å finne ut om motgang eller traume i barndommen kan verke inn på og utvikle psykose i seinare alder. Studien er kvantitativ.

Funna som vart gjort i studien tyder på at barndoms traume, mobbing, overgrep aukar sjansen for å utvikle psykose.

2. The lived experience by psychiatric nurses of aggression and violence from patients in a Gauteng psychiatric institution (Bimenyamana, et al., 2009).

Metoden er kvalitativ og er undersøkt på ein psykiatrisk institusjon der det er aggressive og valdelege pasientar. Målet med forskinga var å utforske og beskrive sjukepleiarar sitt syn på aggresjon og vald frå pasientar. Funna syner at vald og aggresjon som sjukepleiarar er utsatt for, kan føre til følelsemessige og psykologiske påkjenningar. Dei reagerar med frykt, sinne, og fortvilelse.

3. Kvaliteter hos hjelper som bidrar til å forebygge trusler og vold fra klienter (Lillevik & Øien, 2010).

Metoden er kvalitativ. Artikkelen tar for seg personlege kvalitetar hjå hjelpearar som er med på å førebyggje truslar, aggresjon og vald frå klientar. Det er blitt brukt intervju med ansatte innan psykiatritenesta (også fleire tenester). Hensikta med studien var å utvikla kunnskap og undersøka kva slags kvalitetar hjelparen kan bidra med for å kunne førebyggje vald, aggresjon og truslar frå klientar. Funna viser at når den ansatte er opptatt av å forstå valden si meining og vil hjelpe klienten, bidrar det med å førebyggje og dempe aggresjon frå klienten.

## **3.0 Teori**

Som teoretisk bakgrunn har eg valt å ta utgangspunkt i sjukepleieteoretaken Joyce Travelbee. Vidare presentera eg kommunikasjonsprosessen og fireperspektivsmodellen. Deretter skriv eg om psykosebegrepet. Eg går ikkje nærmare inn på dei ulike typane psykose sidan det ikkje er relevant i forhold til problemstillinga. Til slutt kjem begrepet egostyrkande sjukepleie, og dei fire egostyrkade prinsippa: kontinuitet og regelmessighet, nærhet og avstand, verbalisering og grensesetting.

### **3.1 Joyce Travelbee**

Det er fleire sjukepleieteoretikarar som er aktuelle til mitt tema, men eg har valt å ta utgangspunkt i Joyce Travelbee sine teoriar om kommunikasjon og menneske-til menneske forhold, då dette passar til mi problemstilling.

Joyce Travelbee har jobba som psykiatrisk sjukepleiar, og sjukepleietenkinga hennar blir retta mot dei mellommenneskelege aspektane ved sjukepleia. Travelbee forhold seg til eitkvart menneskje som ein unik person, og ho meiner det enkelte menneske er eineståande og uerstatteleg.

Travelbee meiner at sjukepleie er ein mellommenneskeleg prosess der sjukepleiaren gir hjelp for å førebyggje, mestre eller finna mening med sjukdom og lidelse. Teorien går ut på at sjukepleiaren sitt mål er å hjelpe mennesket til å mestre, bære og finne mening under sjukdom og liding, å hjelpe til å akseptere sin sårbarhet som menneske og bevare håp (Travelbee, 1999).

#### **3.1.1 Menneske-til-menneske forhold**

I følgje Travelbee etablera sjukepleiar og pasient eit menneske-til-menneske forhold gjennom ein interaksjonsprosess som har fleire fasar:

- Det innleiande møte

Blir kjenneteikna ved at sjukepleiar og pasient ikkje kjenner kvarandre. Når ein møter kvarandre for første gong, vil begge partar få eit fyrsteintrykk av den andre personen. Sjukepleiaren får ei kjensle om kva slags person pasienten er, og pasienten får tankar om kven sjukepleiaren er (Travelbee, 1999).

- Framveksten av identitetar

Interaksjonen mellom sjukepleiaren og pasienten utviklar seg og dei oppfattar identiteten til kvarandre. Sjukepleiaren oppfattar pasienten som forskjellig frå andre pasientar, og pasienten vil oppfatte sjukepleiar som ein sær eigen person.

- Empati

Empati er ikkje ein kontinuerlig prosess, men noko som kan opplevast i enkeltsituasjonar. Sjukepleiar møter pasientar ved ulike anledningar, men opplev empati kun ein gang i blant. Nærheit og avstand opplev ein når ein har empati for andre menneske. Når ein har gitt empati til pasienten ein gong, er forholdet mellom dei blitt forandra. I slike samahengar vil sjukepleiaren bli forplikta til pasienten. Pasienten vil bli skuffa og føle seg svikta dersom han opplever at sjukepleiaren skulle ta for seg noko som gir han ein oppleving at tilliten hans er svikt (Travelbee, 1999).

- Sympati

Er eit resultat av den empatiske prosessen. Sympati er knytta til eit ønske om å hjelpe pasienten. Når ein uttrykkjer sympati til ein pasient, vil ein formidle at ein bryr seg om han. Sjukepleiar kan uttrykke sympati verbalt eller nonverbalt gjennom holdninga og væremåten sin (Travelbee, 1999).

- Etablering av gjensidig forståelse og kontakt

Denne fasen er eit resultat av det som har skjedd gjennom interaksjonen i dei tidlegare fasane. Den blir utvikla når sjukepleiar har vist forståelse og ønske om at pasienten skal få det betre (Travelbee, 1999).

## **3.2 Kommunikasjon**

Kommunikasjon er det viktigaste redskapet ein sjukepleiar har for å etablere eit menneske-til-menneske forhold til pasienten. Kommunikasjon er ein prosess der menneskjer formidlar sine tankar og kjensler til kvarandre.

Travelbee(1999) hevdar at å bli kjent med pasienten som person, og å kunne identifisera hans særeigne behov, er ein forutsetning for å kunne planleggja og utføra sjukepleie som er i samsvar med pasientens behov.

### **3.2.1 Kommunikasjonsprosessen**

Her presenterar eg kort fireperspektivmodellen, eg vil gå djupare inn i dei i drøftingsdelen.

### **3.2.2 Eigenperspektivitet**

Alle ser verda i sitt eige perspektiv på bakgrunn av vår eiga erfaring, personlegheit, holdningar og kunnskapar. I dei fleste situasjonar bringer vi inn ein for- forståelse og ein sjølvforståelse som har betydning for korleis vi tolkar andre sin atferd, og forhold oss til omverdenen og til andre menneskjer. Når ein jobbar med menneskjer er det viktig å bli kjend med seg sjølv, som vil seie å reflektera over betydinga av eigne erfaringar, kulturbakgrunn, for- forståelse, menneskesyn, verdisyn og peronlegheit (Røkenes & Hanssen, 2009).

### **3.2.3 Andre perspektivet**

I samhandling må vi forholde oss til andre si oppleving av verda ó andre perspektivetar. Som sjukepleiar møter ein forskjellige menneskjer som er forskjellige frå seg sjølv, både når det gjeld personlegheit og åtferd. Sjølv om personlegheita, alder, kulturbakgrunn og kjønn er forskjellig kan ein likevel skape ein god relasjon med vedkommande (Røkenes & Hanssen, 2009).

### **3.2.4 Det intersubjektive opplevelsesfellesskapet**

Når vi kommuniserar, med-dela vi oss til kvarandre ó vi deler meiningar og opplevingar. Det er denne prosessen som skapar eit opplevingsfellesskap. Dette intersubjektive opplevelsesfellesskapet er eit tredje perspektiv i samhandling mellom menneske.

Når ein har samtalar med ein person kan vi utvida opplevingsfellesskapet slik at vi forstår meir av korleis den andre personen opplev ting, korleis den tenkjer og kva den føler.

Opplevingsfellesskapet kan sjåast på som ein indre, psykologisk ramme, eit mentalt samhandlingsrom(Røkenes & Hanssen, 2009).

### **3.2.5 Samhandlings perspektivet**

Dette perspektivet handlar om å forstå samhandlingsprosessen og relasjonen mellom partane.

Vi har bruk for kunnskap om kommunikasjonsteoretiske begrep og modellar for å kunne forstå dette. Å kommunisere på ein måte som står i forhold til den yrkesmessige konteksten og relasjonen treng ein trening i. Det same gjeld å reflektere over det som skjer i samhandlinga. Dette er eit ømetaperspektivö, det vil seie eit perspektiv på perspektiva (Røkenes & Hanssen, 2009).

### 3.3 Psykosebegrepet

Psykose er det medisinske begrepet som kjem nærmast den juridiske betegninga alvorlig sinnslidelse. Psykotiske pasientar kjem ofte i kontakt med det somatiske helsevesenet på grunn av skadar dei kan påføre seg av ulike grunnar (Snoek Englestad, 2008).

Ein psykose er vanlegvis eit samanbrot i individets rasjonelle og emosjonelle mestring av ein situasjon. Oppførselen til pasienten er ofte uvanlig og verkelegheita er vanskelig å handtere. Pasientar med psykotiske symptom har ofte avvikande åtferd og sosial funksjonssvikt (Kringlen, 2011)

Årsakene til psykotiske symptom er det ingen fasit på, men det kan vere blant anna arvelege, miljøfaktorar, hjernesjukdomar, epilepsi, hjernesvulst, infeksjonar, medikament (særleg steroidar), rusmiddel (hasj, marihuana, LSD, langvarig bruk av kokain og amfetamin) og alkohol (Aarre, Bugge, & Juklestad, 2010).

### 3.4 Aggresjon

Ordet aggresjon dekkjer ein serie med fenomen, som for eksempel å gå til angrep mot andre menneske med den hensikt å skada dei, å håne, såre, latterliggjera, fornerma dei eller berøve deira friheit og sosiale posisjon (Hummelvoll, 2012).

Det finst mange ulike definisjonar på aggresjon, men eg har valt og forholde meg til denne definisjonen gjengitt i Hummelvoll:

*En situasjon hvor atferd uttrykkes for å frigjøre emosjonelt sinne eller frustrasjon med den hensikt å kommunisere disse følelsene til en selv eller andre. Dette skjer ved å forsterke denne kommunikasjonen gjennom handling på et kontinuum fra trussel til skade.* (Hummelvoll 2012, s251)

Årsakene til aggresjon er mangfoldige og kan vera vanskelege og utreda. Aggresjon kan oppstå som følge av skuffelse, frustrasjon, ønske om makt, øydeleggelsestrang, panikk osv.

#### 3.4.1 Instrumentell og emosjonell aggresjon

Instrumentell aggresjon eller vold er først og fremst eit middel for å oppnå noko. Denne formen for aggresjon blir utløyst og forsterka av 1) ting eller gjenstandar personen vil ha, for eksempel pengar i bank og medisinar, 2) redusert empatisk evne på grunn av opiatberuselse, empatiforstyrrelsar hjå menneske med personlighetsforstyringar. Emosjonell aggresjon går

ut på vald eller skade som er med hensikt. Denne typen aggresjon blir kjenneteikna av ei kjensle av sinne. Den kan bli både forsterka og forminska, avhengig av impulsforstyrninga. Dei fleste forklaringane på vald og aggresjon har vorte knytt til den emosjonelle forma, fordi den instrumentelle aggresjonen handlar om å oppnå noko anna (Hummelvoll, 2012). Eg har vidare i oppgåva forholdt meg til emosjonell aggresjon då den er relevant til problemstillinga.

### **3.4.2 Møte med vald og aggresjon**

I psykiatrien kan vald og aggresjon vere eit stort problem. For at personalet skal fungere terapeutisk må ein kunne prøve å forstå pasienten sin situasjon. Avledning og samtale er viktige reiskap for og eventuelt kunne hindre aggressiv åtferd. Personalet bør akseptera pasienten si aggressive kjensle og tilby han samtale, samtidig som ein sett grenser om at utagering av sinne ikkje er tillat.

Om pasienten ikkje har kontroll på aggresjonen må personalet vere i stand til å hindre at pasienten ikkje skadar andre eller seg sjølv (Hummelvoll, 2012).

### **3.5 Egostyrkande sjukepleie**

Den svenske psykologen Sonja Levander arbeida i 1979 med det kjente Nacka prosjektet, ein artikkel som heitte ~~Ø~~Jag-styrkande psykoseterapi. Det kanskje mest anvande och minst definerade forhallningssattet i psykiatrin~~ø~~ Artikkelen samla prinsippa for sjukepleie som i seinare tid har blitt ført vidare og utvikla av andre sjukepleiarar og lærarar (Strand, 1990)

Egostyrkande sjukepleie dreiar seg om ein tilnærming som utgangspunkt i å styrke personens ego-funksjonar gjennom *passé støtte og passé utfordring*. Ved styrking av ego-funksjonane kan ein hjelpe personen til å få klarare sjølvoppfatning, oppleving av personleg integritet, forbetra relasjonen til andre, makte kvardagens oppgåver og kunne orientere seg i verda (Hummelvoll, 2012).

I følge Freud sin teori seier den at personligheita består av tre ulike delar: id, ego og superego. Id står for det mest primitive delen av vår personligheit og blir styrt etter lystprinsippet. Ego regulerar sjølvbiletet, vedlikehald balansen mellom impuls og verdiar, og tek vare på integriteten ved vår personlege identitet. Superego blir danna i tre- fire års alderen og høyrer til det moralske prinsipp, og inneheld verdiar som normer og samvittigheit.

Når funksjonane ikkje lengre verkar etter si hensikt, vil det vere vanskeleg å orientere seg i forhold til dei indre og ytre krava som personen møter. Når symptoma blir produsert, er egofunksjonane ramma i varierende grad, og ein seier då at personen er egosvak.

Forandringane vil få konsekvensar for personen sin motivasjon, persepsjon og for tanke og kjenslelivet, ~~øvrangforestillingar~~ svikt i realitetsoppfatninga og manglande ~~sjukdomsinnsikt~~ (Hummelvoll, 2012).

### **3.5.1 Kontinuitet og regelmessighet**

For at sjukepleiar og pasient skal få etablert og utvikla eit forhold er kontinuitet og regelmessighet nødvendig. For å tilby og ~~komme~~ til ein psykotisk pasient må man oppnå ein begynnande allianse. Dette kan vere svært krevjande, spesielt til psykotiske pasientar sidan dei ofte har mangel på kontinuitet. Det er derfor viktig som sjukepleiar å tilby kontakt og regelmessigheit, bevis gjennom handling at tilbodet ~~held fast~~ ha ein tolmodighet ikkje-krevjande utholdenhet, møta opp og vera tilgjengelig igjen og igjen. Kor hyppig kontakt pasienten treng for at det skal opplevast som kontinuitet, er det ingen fasit på.

Mange psykotiske pasientar kan trenge nokon rundt seg heile tida, medan andre kan greie seg med eit par samtalar i veka (Strand, 1990).

Ansvar for at det skal oppstå ein allianse er hjelparen si oppgåve, ein kan ikkje rekne med at pasienten skal ta ansvaret for at det skal skje, om psykosen er på det mest intense.

Trufasthet viser ein på ein ikkje-verbal måte, det vil seie at ein forpliktar seg til å vere tilgjengeleg for eit anna menneskje. I sjukepleia inneberer dette at ein ikkje forsvinn ut av sjukepleiar-pasient-forholdet før ein definitivt har avslutta det, noko som kan verte ein tidkrevjande prosess (Strand, 1990).

Ein egostøttande funksjon med tanke på regelmessigheit og kontinuitet kan derfor vere å opptre regelmessig, halde tid og avtalar.



### **3.5.2 Nærheit og avstand**

Strand(1990) påpeikar at å vise «passe» interesse er ein kunst, ein balanse mellom ytterpunkta nærheit og avstand. Kor ofte og lenge av gangen skal ein vere saman med pasienten, på kven sine premissar og på korleis måte. Det er derfor viktig i slike samanhengar å setje seg inn i pasienten sin situasjon, utan å identifisera seg med pasienten. Menneskjer har behov for å pendla mellom nærheit og avstand i løpet av eit døgn, veker, månadar eller år. Ein bør derfor vere bevisst på kor grensene til pasienten går.

### **3.5.3 Verbalisering**

Verbalisering vil seie å setje ord på noko, i denne samanheng å setje ord på opplevingar, kjensler, tankar, konfliktrar og samanhengar. I følge Wilfred Bion må ein tåle mental smerte, angst, skuld og frustrasjonar for å kunne vende eller omformulere opplevingar til tankar (Strand, 1990). Det kan ofte vere vanskelig å forstå kva pasientar pratar om, dette fordi psykotiske pasientar har ein privat bruk av ord og språk. Sjølv om det kan vere vanskelig å forstå kva pasienten seier, kan det ligge eit skjult ellet opent affektivt budskap i ytringen. Ved å spørje «Eg veit ikkje heilt om eg forstår det du seier no, men det høyrer trist ut» kan bidra med at pasienten formulera seg på ein anna måte. Opne spørsmål som «Kvifor seier du det?» kan for mange kjennast grenselaust og truandes.

Ved at pasienten opplev respekt og trygghet kan det bidra med at pasienten uttrykkjer seg slik at det han seier er mindre skremmande (Strand, 1990).

### **3.5.4 Grensesetting**

Grensesetting er nødvendig når pasienten si kontrolllevne svikta, men det må ikkje utvikla seg til at sjukepleiar distansera seg i forhold til pasienten.

For at grensesettinga skal verke terapeutisk bør den innehalde omsorg, struktur, sikkerheit, trygghet og læring (Hummelvoll, 2012).

Psykotiske pasientar opplev mykje kaos, og i slike situasjonar er det viktig å kunne samle pasienten, det vil seie å ta over styringa eller å setje grense(Strand, 1990)

Det er ofte pasienten som opplev grensesetting som ein straffereaksjon eller maktdemonstrasjon. Ein må derfor fortelje pasienten kva som kan ó og kva som ikkje kan bli godteken(Hummelvoll, 2012). Å gjennomføre grensesettinga på ein måte som hjelp pasienten, er i følgje Strand (1990) ein kunst. Sjukepleiaren treng kunnskap, innsikt og erfaringar for å bli ein god utøvar.

## **4.0 Drøfting**

Korleis kan sjukepleiar ved bruk av egostyrkande sjukepleie, førebyggje aggresjon og hindre utagering hjå pasientar med psykose?

For å kunne svare på spørsmålet i problemstillinga har eg valt å ta utgangspunkt i eit case, som er ein reel situasjon eg opplevde som sjukepleiarstudent i fordjupningspraksis.

### **4.1 Pasientsituasjon:**

Ola (fiktivt namn) er ein mann på 31 år, som tidleg i tenåra fekk symptom på psykose. Fyrste gong Ola vart innlagt på psykiatrisk avdeling, var han 21 år gammal. Etter det har han vore inn og ut frå institusjonar. I barndommen var Ola prega av vald i heimen og har sidan tenåra slitt med aggressivitet. Når Ola har dårlege periodar i sjukdomsbiletet sitt, pregast det av aggressivitet og til tider valdelege episodar. Rastlausheit, stirrande blick og slurvete tale er kjenneteikn på at han er inne i ein psykose. Ola brukar det lokale dagsenteret aktivt som miljøterapi, samtidig som han har samarbeid med andre instansar i kommunen for å handtere psykosen og aggresjonen på ein tilfredsstillande måte.

### **Episode:**

Ein morgon når Ola kjem, er ikkje alt som det brukar å være. Personalet kjenner raskt igjen symptom på at Ola er psykotisk; stirrande blick, stoppar opp i setningane når han pratar og den personlege hygiene er ikkje ivareteken. Ola byrjar å spele klarinett i felles arealet, noko som fører til at dei andre brukarane forlet rommet, då dei vert redde.

Ola blir oppmoda til og setje seg på grupperommet for å spele. Han fortset spelinga i fullt sinne og sjukepleiar røyser seg raskt frå sofaen for å ta i frå Ola klarinetten. Ola reagerar med og «vifte» med klarinetten og treff sjukepleiar i hovudet. Personalgruppa blir raskt tilkalla og situasjonen roar seg då sjukepleiar tar hand om Ola. Han blir oppmoda til å bli med på legevakta for å bli innlagt på institusjon, og få den hjelpa han treng.

## **4.2 Kontinuitet og regelmessigheit:**

I følgje Strand(1990) er kontinuitet og regelmessigheit sjølve ramma som må til for at sjukepleiar og pasient skal få moglegheit til og etablere eit forhold. Det kan verte ein utfordring for sjukepleiaren, sidan psykotiske pasientar ofte har mistillit til omverda. Ola som er i ein psykotisk fase, greier ikkje å kommunisere på ein forståelig måte. Han stoppar opp i setningar og dett ut av samtalen.

